

## Utkast

### Referat, styremøte 25. – 26. november 2015

Tid og stad: Oslo, Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, 25. november kl. 10.30 - 16.00 og 26. november kl. 10.00-15.00.

Tilstade: LLP: Tom Oddby, Cecilie Lintoft, Elin Østevik, Mads Langnes, Petter Høiaas, Ole Martin Rønning, Karin Gjelsten, Inger Lene Nytingnes (organisasjonssekretær/ref).

Riksarkivaren: Ellen Røsjø 26. november kl. 12.00 - 14.30.

#### **Sak 26/2015. Referat frå styremøte 15. oktober**

Styret gjekk gjennom referatet. Referatet vart godkjent.

#### **Sak 27/2015. Rekneskap pr. 30. oktober 2015**

Organisasjonssekretær orienterte. LLP har eit negativt resultat på kr. 103 168. Sett vekk frå underskotet i samband med landsmøtekonferansen har rekneskapet eit negativt resultat på kr. 47 152. I all hovudsak skuldast dette auka møte- og reiseverksemd i september og oktober. Ein må rekne eit underskot i årsresultatet knytt til landsmøtekostnader, men det resterande underskotet kan ein vente vil kome i balanse ved årets slutt.

LLP vil gå over til nytt system for bilagsinnsending. Reiserekningar kan sendast inn via ein app til Visma. Fakturaadresse vert endra til Trondheim, der bilaga blir skanna. Endringa er kostnadsfri for LLP og vil truleg medføre reduserte kostnader på sikt.

Styret godkjente rekneskapet og vedtok endringa av rutiner for bilagshandsaming.

#### **Sak 28/2015. LLP sin bruk av sosiale media**

Styreleiar oppmoda styremedlemene om å vere meir aktive til å invitere vener til å like LLP si facebookside og til å dele saker som vert lagt ut på facebook.

Viktigheita av å vere medviten om kva som vert lagt ut på LLP si facebookside vart diskutert. Det var semje om at aktiviteten på facebook no ligg på eit greitt nivå og at det vert lagt ut relevante saker, men at det bør bli større aktivitet på twitter. Organisasjonssekretær bør og vurdere korleis ein kan bruke facebook og twitter på forskjellige måtar.

#### **Sak 29/2015. Rapportering frå LLP sine samarbeidsorgan**

Organisasjonssekretær orienterte. Det har kome inn rapportar frå Asta, Arkivdagen, Det 7. norske arkivmøte, Samdok privatarkiv, Samdok arkiv i eforvaltning og Samdok kommunale arkiv. Dei to sistnemnde vart handsama under sak 30/2015.

#### **Sak 30/2015. SAMDOK**

Karin Gjelsten orienterte om arbeidet i arbeidsgruppe for e-forvaltning. Synkron overføring, kompetansmiljø elektroniske arkiv, Noark 5 tjenestegrensesnitt, og digitalisering av offentlig sektor har vore prioriterte tema. Gruppa har fått ny leiar, Synne Stavheim, frå 1. juni.

Tom Oddby orienterte om arbeidet i arbeidsgruppe for kommunale arkiv. Det har vore arbeid med ei rettleiing til kommunane om arkiv og interkommunale samarbeidsformer i lys av den

komande kommunereforma. Arbeidsgruppa har vore prega av dårleg oppmøte.

Det er ønskjeleg med tilbakemelding frå representantane i alle arbeidsgrupper om korleis arbeidet fungerer, styring, oppmøte etc.

Oddby ønskjer avlastning frå arbeidet i Samdok, kommunale arkiv, og bad styremedlemene om å vurdere å ta over.

Styret diskuterte LLP si rolle i Samdok-prosjektet. Det var semje om at LLP har vore med på å påvirke prosessane. LLP har og fått synleggjing på dagsorden, noko som ikkje var ei formulert målsetting i Samdok-prosjektet.

Medlemene bør få kome med innspel vedkomande LLP si rolle i prosjektet. Tom Oddby og organisasjonssekretær skal samarbeide om ei nyheitssak der ein ber medlemene om innspel.

Innkallingar og møteplaner bør sendast ut til heile styret i forkant av arbeidsgruppemøtene, slik at alle styremedlemer kan kome med innspel.

### **31/2015. Orienteringssaker**

#### **Orienteringssaker frå Riksarkivaren:**

- Samdok-konferansen var svært vellukka. Mange positive tilbakemeldingar. Det var diverre få deltakarar frå museumssektoren. Ein bør diskutere kva ein kan gjere for å få fleire med. Mellom anna kan det vere aktuelt med workshop knytta til konferansen.
- Heilversjonen av strategien for privatarkivfeltet kjem snart ut ut. Denne vil innehalde nokre nye konkretiseringar.
- Samdok gruppa for privatarkiv er i gang med prosessen å søke Riksarkivaren om nye midlar.

LLP v/styroleiar spelte inn til Riksarkivarens representant at det er ønskjeleg at utlysing/søknadsfrist av utviklingmidlar i 2016 kan kome ut så snart som mogeleg.

#### **Orienteringssaker for LLP:**

- ODA: Leiar har delteke på ODA sitt årsmøte i Kjøge 29. oktober. Oddby har invitert ein representant frå ODA og ein representant frå SLA til å delta på LLP sitt landsmøte i april 2016.
- Fylkeskommunal administrasjonshistorie: Inge Strand, Arkiv i Nordland, har ledig kapasitet til å skrive artiklar for prosjektet frå hausten 2016. Det har vore dialog med KS om dei kan bidra med midlar til prosjektet. Karin Gjelsten har påteke seg oppgåva å besvare spørsmål som no har kome frå KS v/Anne Mette Dørum. LLP skal og sjå på om det er stipendordningar i andre organisasjonar ein kan søke midlar frå.
- Det 7. norske arkivmøte: Cecilie Lintoft orienterte. Det har blitt sendt ut Call for papers, og det har kome inn 28 forslag. Komiteen har akseptert å korte ned programmet på 1. dag for at LLP skal kunne halde landsmøte.
- Kulturvernkonferansen: Leiar har delteke på Kulturvernforbundets jubileumskonferanse i Harstad 4.-5. november. Rapport er skriven og lagt ut på LLP sine heimesider. Det var få deltakarar frå arkivsektoren og mange frå museumssektoren.
- Arbeidsfordeling mellom leiar og nestleiar: På grunn av stor arbeidsbelastning i Drammen byarkiv og i LLP denne hausten har leiar bede nestleiar om å ta over ein del arbeidsoppgåver den komande tida.
- Oppfølgingsmøte med KUD jan/feb: LLP vil be om eit oppfølgingsmøte med

Kulturdepartementet i januar eller februar.

- KAISA-prosjektet: Leiar representerar LLP i strategigruppa. Det har blitt gjort mykje godt og grundig arbeid. Det bør likevel diskuterast om relevansen for LLP å delta i prosjektet. Leiar har til no fokusert mest på dei overordna sidene, ved prosessen og ved korleis ein skal nå ut.

### **32/2015. Privatarkiva og finansiering**

Det kan sjå vanskeleg ut å halde fram arbeidet med støtteordninga for privatarkiv. Har blitt eit «blindspor» i og med at LLP og departementet har så ulike oppfatningar.

Det var semje i styret om at LLP bør arbeide for å auke finansiering til privatarkivarbeidet generelt. Ole Martin Rønning skal utarbeide eit skriv om at midlane i støtteordninga har forsvunne. Dette skal innehalde ei dokumentering/faktaframstilling av det som har skjedd med støtteordninga. Det søkast råd hjå mediepersonar om dette kan vere ei sak for media.

### **33/2015. KOSTRA**

Organisasjonssekretær har vore i telefonkontakt med leiar for KOSTRA (SSB) si arbeidsgruppe for Kultur, Liv Taule, og har orientert om problemstillinga LLP ser i samband med registrering av arkivsektoren sin ressursinnsats. Arbeidsgruppa var open for innspel og bad om å få dette tilsendt innan 27. november, då gruppa kunne ta dette opp til diskusjon i møte 30. november. LLP vil også be om eit møte 6. januar. Leiar og organisasjonssekretær skal møte for LLP.

Styret vedtok å gå vidare med arbeidet. Styremedlem Karin Gjelsten kunne ikkje stille seg bak styrets vedtak.

### **34/2015. Landsmøtesaker**

Oppgåvene i forkant av landsmøtet vart gjennomgått, og oppgåver vart fordelte.

- Valkomite (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Sende ut innkalling (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Handlingsplan (Ansvar; Tom Oddby)

Tom Oddby har utarbeidd utkast til handlingsplan.

- Årsberetning (Ansvar; Tom Oddby og Ole Martin Rønning)

Tom Oddby har utarbeidd utkast til årsberetning. Organisasjonssekretær skal legge inn faktaopplysningar.

- Rekneskap (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Budsjett (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Konstituering, landsmøte (Ansvar; Mads Langnes)
- Fastsetting av kontingent (Ansvar; Cecilie Lintoft)
- Opptrykking av landsmøtepapir (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Blomar og gåver (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Publisering av landsmøtedokument (Ansvar; Organisasjonssekretær)
- Kjøyreplan for landsmøtet (Ansvar; Ole Martin Rønning)

Frist for å kalle inn medlemene er 28. januar 2016. Valkomiteen skal allereie no bli bedne om å sette i gang arbeidet.

### **35/2015. Evt.**

- Romsdalsmuseet: Mads Langnes orienterte styret om at Romsdalsmuseet har hatt besøk av Liv Ramskjær, leiar av Norges Museumsforbund, som skal halde sin årskonferanse der hausten 2016. Under konferansen skal det haldast ein sesjon om privatarkivarbeid. Privatarkiv har fått auka merksemd i museumssektoren.
- Bevaring av digitalt skapt materiale: Ole Martin Rønning skal utarbeide eit skriv om korleis LLP kan forhalde seg til dette temaet. Skildre kva det er, kva bør gjerast og arkivpolitiske innfallsvinklar.
- Omorganisering av Arkivverket: Fleire har teke kontakt og bede om at LLP spelar inn synspunkt om omorganiseringa. Styret ønskjer ikkje at LLP skal engasjere seg i dette.

### **36/2015. Organisasjonsutvikling**

Tom Oddby orienterte styremedlemene om at han og organisasjonssekretær har hatt møte i Bergen, måndag 23. november, der organisasjonssekretær er orientert om at styret vil legge fram for landsmøtet forslag om å flytte sekretariat til Oslo og tilsette ein generalsekretær. Organisasjonssekretær ønskjer å ha med seg fagforeining i prosessen. Leiar uttrykte at dette også var ønskjeleg for LLP.

Det er viktig for styret at flest mogleg av medlemene deltek på landsmøtet i 2016. Medlemene skal så snart som mogleg få informasjon om at det er viktig å delta, då dette handlar om ei vesentleg organisasjonsendring. Det skal snarast leggst ut informasjon på nettsidene, e-post og på facebook.

Ein bør vurdere om det bør bli skreddarsydd informasjon til museumssektoren. Mads Langnes skal utarbeide eit forslag til skriv.

Styret gjekk gjennom dei økonomiske sidene ved ein ny organisasjon. Styreleiar og Ole Martin Rønning har vore i kontakt med generalsekretær i Norges Museumsforbund for å bli orienterte om hennar arbeidsoppgåver, og om økonomiske sider i organisasjonen. Det er utarbeidd eit budsjett. I dette ser det ut til at ein ligg omlag 200 000 i underskot for ein ny organisasjon. LLP har om lag 800 000 i oppsparte midlar pr. 26. november. Det står i tillegg kr 225 000 på driftskonto pr. 26. november. Organisasjonssekretær skal sjekke opp kostnader for forsikring for arbeidstakar.

Styret meiner det bør kunne kalkulerast med å bruke av LLP sitt fond for å kunne gjennomføre endringa. Budsjett for tre år skal leggst fram for landsmøtet i 2016. Styremøter kan i framtida gjennomførast i større grad ved videooverføring for å redusere kostnader. Ein ser for seg at ein generalsekretær i første omgang kan tilsettast i eit engasjement.

Kontingenten bør kunne aukast. Alle styremedlemer vert oppmoda til å undersøke i miljøet, om medlemene vil kunne akseptere ei kontingentauke for å gjennomføre organisasjonsendringa. Cecilie Lintoft har ansvaret for å utarbeide eit forslag til auke.

Det skal lysast ut ein konkurranse der ein kan foreslå nytt namn til organisasjonen. Det vart diskutert at ein kan gje ein iPad som premie. I utlysinga skal det stå at beste forslag premierast. LLP kan ikkje forplikte seg til å bruke nokon av forslaga. Dersom ein vel å nytte eit forslag vil dette automatisk få premien for beste forslag. Både institusjonar og tilsette kan kome med forslag.

Organisasjonssekretær skal sjå på mulegheitene for at LLP kan nytte konsulenttenester i prosessen med namneendring.

Vedtaket: Styret er einstemmig samde i å gå vidare med omorganiseringa i medhald av framlagt budsjett. Styret aksepterar ei underskotsbudsjettering i ein prøveperiode på inntil 3 år . Eit evt. underskot blir dekkja av oppspart eigenkapital. Vedtaket blir gjort under føresetnad av at støtta frå Kulturrådet vert oppretthalde på same nivå som i 2016.

**Styremøtet vart avslutta 26. november 2015 kl. 15.00.**